



# VINDAFJORD KOMMUNE

## **AVTALE OM LEIGE AV GRUNN AV GNR. 331 BNR. 18, 28, 58, 84 OG DEL AV 80**

### **LEIGETAKAR - VIKEBYGD MOTORBÅTFORENING**

Vindafjord Kommune stiller gnr. 331 bnr. 18, 28, 58, 84 og del av 80 i Vikebygd til rådvelde for Vikebygd motorbåtforening si drift på følgjande vilkår:

#### Avtaletid:

- Avtalen gjeld i 40 år, men slik at kommunen eller båtforeninga kan seie opp denne med eitt års varsel.
- Dersom oppseiinga ikkje skuldast at båtforeninga ikkje fyller vilkåra i denne avtalen, eller andre klandreverdige tilhøve frå båtforeninga si side, kan båtforeninga ha krav på erstatning for sine investeringar når desse kan seiast å kome kommunen til gode. Dette skal ev. prissetjast ved skjøn. Erstatninga skal då sjåast i samanheng med verdien og resttida av avtaletida.
- Avtalen kan forlengjast ved ny avtale mellom partane, eller endrast i avtaletida når partane er samde om det.
- Når avtalen går ut, tilfall alle faste installasjonar vederlagsfritt til kommunen medan flytebyggjer og anna driftsutstyr framleis er båtforeninga sin eigedom. Dersom foreninga investerer i faste bygningar på området, skal overtaking av desse avtalast spesielt før bygging.
- Alle tiltak som krev godkjenning etter lov skal VM syte for godkjenning av. Dette gjeld også muddring, utviding av brygge og parkeringsareal m.m.

#### Driftsavtale:

- Foreninga tek på seg vederlagsfritt driftsansvar for båthamna og kaihus, og dei installasjonar som er nemnde ovanfor.
  - Kaihus: indre og ytre bygningsvedlikehald og årleg tilsyn.
  - Kaikonstruksjon: tilsyn med dreneringssystem, sperre mot biltrafikk, tilsyn med kaikonstruksjon og forsterking eller avstenging av område. Tilstandsrapport frå 2014 er lagt ved.
  - Andre areal: vintervedlikehald (brøyting, strøing, utsetting av sandkassar ol), sommarvedlikehald (klipping, stell av buskar og tre, kontroll av leikeutstyr ol) og reinhald av areal (plukking av søppel, tømning av avfallsbøtter og liknande.)
- Ålmenta skal ha fri tilgang til det utleigde område med unnatak av bygningar.
- Båtforeninga må koste forsikring av brygger og bygningar. Dei må også bere driftskostnader for straum, lys og evt. avg. for vatn og kloakk.
- Båtforeninga må syte for brøyting av området og stell av grøntområde innanfor det leigde arealet.

### Leige:

- Kommunen skal ikkje rekne leige for Prestebrygga. Båtforeininga skal kunne setje satsar for bruken av båthamna, og skal kunne skaffe seg inntekter til utbygging og drift av båthamna gjennom desse
- Båtforeining leiger areal som er merka på kart datert 19.02.2014. Kartet ligg som vedlegg til avtale.

### Andre tiltak i området:

- Iverksetjing av den til ein kvar tid gjeldande reguleringsplan for området er overordna denne avtalen.
- Leigeavtalen kan tinglysast og pantsetjast.
- Arbeid/tiltak utover drift og vedlikehald skal godkjennast av Vindafjord Kommune i god tid før tiltak blir utført. (Minst to mnd.)
- Båtforeininga har ansvar for tålegrensa og sikkerheit når det gjeld last og køyring på Prestebryggja. Det same gjeld sikkerheit til kaihus og evt. nye bygg.
- Alle grunneigarar som har vegrett over det utleigde området skal ha fri tilgang til sine eigedommar under heile leigeperioden.

### Avtaletvist:

- Dersom kommunen og båtforeininga vert usamde om tolkinga av denne avtalen, skal tolkinga avgjerast av ei nemnd på 3 medlemmer der kvar av partane oppnemner eit medlem og med lensmannen i Vindafjord som leiar.

Følgjande skal sendas til Vindafjord Kommune kvart år:

- Oversikt over betalingsattsar.
- Liggjedøgn til gjestebåtar.
- Kopi av gjeldande forsikring.
- Styret for Vikebygd Motorbåtforeining.

Denne avtalen kan tinglysast på eigedomen. Vikebygd motorbåtforeining ber kostnadene med ev. tinglysing.

Avtalen er inngått med atterhald om godkjenning i kommunale organ.

Sandeid

Leiar i Vikebygd Motorbåtforeining

Ole Johan Vierdal  
Ordfører